



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Åse Bruland Lavoll
Hjortefaret 45
6814 FØRDE

Dykkar ref

Vår ref
14/1481

Dato

1 DES 2015

Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane - klage på NVE sitt vedtak

I brev av 29.04.2014 klagar Åse Bruland Lavoll på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak av 08.04.2014 om løyve til bygging av Døsjagrovi kraftverk. Klaga gjeld plassering av kraftstasjon.

NVE har vurdert klaga i brev til departementet av 02.09.2014, og har ikkje funne grunnlag for å gjere om sitt vedtak.

1. Bakgrunn

I søknad av 24.04.2007 søker Døsjagrovi kraftverk BA om løyve til å byggje Døsjagrovi kraftverk i elva Døsjagrovi i Luster kommune. Kraftverket vil etter planen erstatte to eksisterande mini/mikrokraftverk, som er eigd av ein av søkjarane, i øvre del av elva. Eit tredje eksisterande minikraftverk i nedre del av utbyggingstrekninga må driftas på restvassføring og overløp over inntaksdammen til det planlagde tiltaket. Døsjagrovi kraftverk vil etter planen produsere 19 GWh/år.

Luster kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er på visse vilkår positive til tiltaket. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag og privatpersonar er imot planane om å byggje ny kraftstasjon på noverande kraftstasjonstomt like ved Rv. 55. Fleire av høyringspartane meiner at kraftstasjonen bør plasserast nærmare Døsjagrovi ved Døsen gard dersom det skal gis løyve.

Ved vedtak av 08.04.2014 gav NVE løyve til å byggje Døsjagrovi kraftverk med kraftstasjon

Postadresse

Kontoradresse

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
977 161 630

Sakshandsamar
Per Harald Sønstelid

postmottak@oed.dep.no

<http://www.oed.dep.no/>

på noverande kraftstasjonstomt vest for Døsjagrovi ved riksveg 55. I NVE sitt konsesjonsvedtak er det stilt krav om at nedre del av røyrkata skal leggjast med taubane, eventuelt vassveg i tunnel, og det er opna for at ei alternativ plassering av kraftstasjon kan godkjennast som del av detaljplangodkjenninga.

2. Kлага

Klagar meiner kraftstasjon bør plasserast på Døsen, i tråd med Olav Døsen si teikning i brev av 22.09.2007. Klagar er ikkje einig i tiltakshavar si vurdering av dei tekniske utfordringane med å plassere røyrgate og kraftstasjon i tråd med teikninga til Olav Døsen. Klagar ber vassdragsstyresmaktene rettleie søkjar til å gå inn for eit tryggare byggeprosjekt og om at konsesjonen for stasjonsplassering vert omgjort.

3. Departementet sine merknader

Løyve til ei utbygging kan gis dersom ”fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser”, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Dette blir vurdert konkret for kvart enkelt prosjekt. Departementet vil drøfte dei sidene av saka som er naudsynt for å grunngje avgjerda.

Tiltakshavar har søkt om å plassere kraftstasjonen på tomta til den noverande kraftstasjonen i Luster, rett ved riksveg 55 på kote 3, omlag 180 meter vest for Døsjagrovi sitt utløp i fjorden. Driftsvatnet skal etter planen gå i lukka kanal til fjorden. Det er skissert to alternative plasser for kraftstasjonen. Eit alternativ er å byggje ny kraftstasjon i samband med den gamle kraftstasjonen i Luster. Eit anna alternativ er å byggje om den gamle endestasjonen for taubanen til Luster Sanatorium/Harastølen til kraftstasjon.

Klagar og nokre høyringspartar peikar på at den omsøkte kraftstasjonen kan medføre støy, stråling, skadar som følgje av røyrbrot, samt skadar på vatn- og kloakksystem. Nokre høyringspartar legg og vekt på at den omsøkte kraftstasjonen vil kome i konflikt med kulturhistorisk viktige bygningar.

I følgje NVE er mangel på areal ei hovudutfordring ved den omsøkte kraftstasjonen. NVE meiner og det er fleire tekniske utfordringar ved den omsøkte røyrkata som følgje av bratt terreng i nedre del mellom Harastølen og fjorden, og kryssing av både Døsjagrovi og Frudalsgrovi. Inngrepa i nedre del kan etter NVE si vurdering bli omfattande og dels irreversible dersom det ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til terrengforholda under ei eventuell anleggsperiode. Inngrepa vil i følgje NVE vere mest synleg frå fjorden, og mindre synlege i nærmiljøet.

NVE meiner ei alternativ plassering av kraftstasjon nærmare Døsjagrovi vil redusera

inngrepa. Tiltakshavar har under NVE si sakshandsaming vore i kontakt med grunneigar om mogeleg plassering av kraftstasjon på Døsen gard. Flytting av kraftstasjon inneber også flytting av røyrgate i nedre del. Tiltakshavar skriv i brev til NVE av 04.08.2011 at dei etter ei totalvurdering av tekniske og privatrettslege tilhøve, står ved at den omsøkte røyrgetetraseen er den teknisk sett beste løysinga og at det er denne som skal leggjast til grunn for søknaden. NVE gjør derfor ingen konkret vurdering av ei alternativ plassering av kraftstasjon på Døsen. Departementet vil peike på at det er tiltakshavar sin søknad som må leggjast til grunn når vassdragsstyresmaktene skal vurdere spørsmålet om løyve.

Av omsyn til landskap, naturmiljø og vassforsyning har NVE fastsett krav til slepp av minstevassføring på 140 l/s i sommarhalvåret og 40 l/s resten av året. Dette reduserer i følge NVE produksjonen frå 19 GWh/år til om lag 16 GWh/år, men vil ikkje vere avgjerande for økonomien i prosjektet. NVE har og stilt krav om at nedre del av røyrgate/vassveg skal bli lagt med taubane eller i tunnel. NVE peikar på at omsynet til busetnad og bygningar av kulturhistorisk verdi tilseier at arbeidet med ei alternativ plassering av kraftstasjon og nedre del av vassveg i tunnel bør takast opp på nytt. I løyvet opnar NVE for at ei alternativ plassering av kraftstasjon kan godkjennast som del av detaljplangodkjenninga.

Med vekt på at nedre del av elva allereie nyttast til kraftproduksjon og at det nye tiltaket vil gi ein relativt stor produksjon, vurderer NVE at tiltaket på visse vilkår vil gi større fordelar enn ulemper for samfunnet. Departementet deler NVE si vurdering. Departementet legg til grunn at det i detaljplanfasen blir lagt vekt på å finne ei skånsam løysing for nedre del av vassveg og plassering av kraftstasjon. Departementet legg og til grunn at det skal leggjast stor vekt på å redusere støy frå kraftstasjonen gjennom avbøtande tiltak.

For ei nærmare vurdering av tiltaket sine verknader for busetnad, naturmangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne, grunnvatn og vassforsyning og andre allmenne interesser, viser departementet til NVE sitt *KSK-notat nr.: 13/2014 - Bakgrunn for vedtak* side 41-47. Departementet deler vurderingane til NVE.


4. Departementet sitt vedtak

Etter ei samla vurdering meiner departementet at ei utbygging av Døsjagrovi kraftverk i tråd med NVE sitt konsesjonsvedtak vil gi større fordelar enn ulemper for allmenne og private interesser. Vilkåret for å få løyve er dermed oppfylt, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd.

Klaga blir ikkje tatt til følge. NVE sitt vedtak av 08.04.2014 blir oppretthalde.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, første punktum.

Med helsing



Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør



Per Harald Sønstelid
seniorrådgivar

Kopi:

Døsjagrovi kraftverk BA v/Luster Energiverk AS

Luster kommune

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane Turlag

Oav Døsen m.fl.

Olga Ellingseth m.fl.

Håkon Fuhr m.fl.

Harald Hærum m.fl.

Marit og Ivar Devold

Ottar-Jan Bolstad

Noregs vassdrags- og energidirektorat